

## Minne frå krigs og okkupasjonsåra 1940 - 45

Eg har til no skrive om tida før andre verdskrig. Her kunne sikkert vera mykje meir å fortelja frå denne tida, her er så uendeleg mykje å sjå attende på, men så strøymer det så på med hendingar som krig og okkupasjon og alt det utrulege som har kome på i etterkrigstida. Skjal eg få med det meste av opplevingar frå denne tida er eg nøydd å korta ned ein del. Eg har i mi forteljing frå før andre verdskrig fortald at eg i sluttenav 1939 og byrjinga av 1940 var busett i Narvik, der eg faktisk fekk ein føresmak på kva krig var. Då krigen kom over oss vart eg ikkje så forundra, eg er meir forundra på våre styresmakter som var så godtruande at dei meinte me kunne halda oss nøytrale den gongen. Grunnen måtte vera at vårt land hadde hatt fred så lenge at trua på at slikt kunne hena oss ikkje var moglege rådde.

Eg kom som tidlegare nemnt tilbake frå Narvik i byrjinga av februar 1940. Kva eg gjorde på i tida fram til 9. april hugsar eg ikkje, men etter denne tid har eg ymse å fortelja.

Den 9. april, klokka 6 om morgonen stod eg opp. Eg hadde ikkje vore god i magen om natta, eg hadde ete noko eg ikkje tolte. Det gjorde seg slik til at eg fekk morgonmeldinga i radioen, og det var då ikkje tvil om at me var komne med i verdskrigen. Eg hadde liggjande krigstenestekortet mitt, og det sa at eg skulle møte på første mobiliseringsdag. Eg skjønna då at på det viset var me tatt så og seie på senga, og at det var å reisa same dagen. Dei som hadde med mobiliseringa å gjera byrja prata om kva som kunne vera første mobiliseringsdag. Eg veit då eg sa ifrå at eg gjorde meg klar til å fara så snart det let seg gjera. Seinare kom det klart bod om at me skulle avgarde same dag. Utpå dagen kom m/s Embla med Tore Eiken som førar for å samla opp dei som hadde i oppgåva å gjera teneste i forsvaret. Me vart ikkje reint få ifrå kommunen, eg trur me var 30 - 40 mann i første pulje. Stemninga vr utrulege god, kanskje ei form for galgenhumor. Distriktslækjaren vår var med, han sa det slik: "Det kan kanskje vera godt med litt krig", det einaste han syntest var leidt, var at kona hans venta småfolk ein av dei første dagane. Me kom til Granvin i kveldinga. Der hadde vel aldri korkje før eller seinare vore så mykje folk i bygda. Der var det reine kaos. Å koma med jarnbana til Voss var nyttelaust den kvelden. Ein måtte berre finna seg husrom som best ein kunne, og i så måte var ikkje eg av dei heldige. Eg og ein kamerat frå Herand fekk ikkje hus nokon stad, og til slutt bar det inn i ei løe der eine veggen mangla. Der var noko høyrusk, men det var så avkjølt at det var lite gagn i det. Me var trøytte og sovna no inn etter ei stund, men ut på natta vakna eg av at kameraten heldt på å sveipa meg inn i ein god uniformsfrakk han hadde. Han var elles betre kledd enn meg. Eg har seinare vore svært takksam til denne kameraten som tok seg av meg. Eg trur at hadde eg ikkje fått denne frakken på meg, hadde eg vore lite eigna til soldat. Tidleg den 10. april kom me på eit stappfullt tog til Voss. Av mange grunnar har eg ikkje nemnd personnamn, men her må eg gjera eit unntak. Eg vil nemna fenrik Gjuvsland som tok seg av oppstillinga og ordna køen av dei møtande. Det gjekk då greit, og alle kom fram der dei skulle få utrustninga til felttoget. Denne fenrik Gjuvsland omkom seinare ved ei skyteulukka, det trur eg var etter krigen.

Som nemnt gjekk det greit med utrustninga, alle plagg passa no ikkje så godt, men med litt byting soldatane imellom gjekk det fint. Ikkje alle som møtte vart plasserte. Det var først og fremst dei som høyrde til vestlandsbrigaden som vart feltmessig oppsett. Andre som høyrde til andre regiment hadde vanskar med å ta seg fram til si rette avdeling, og måtte difor reisa heim. Det varde ikkje lenge før me fekk vår ilddåp. Utpå dagen kom det tyske jagarfly, og dei pepra oss med mitraljøser. Det er utrulege, men reine sanninga når eg såg kuler som slo ned tett ved fot og hovud då me låg i dekning i skogen på Bømoen. Så vidt eg veit vart ingen såra eller drept den dagen.

Me vart tilrådd å finna oss nattely utanfor Bømoen, då offiserane meinte me var svært utsette der på staden. Eg vart saman med ein annan intendanturmann, ein forretningsmann frå Odda. Han

meinte me skulle installera oss i ei offisersbrakke der, han var så trygg på at alt ville gå bra. Me så gjorde, og det må eg sei vart det beste legjet eg hadde under heile krigen. Mi oppgåve dei næraste dagane var å styra med furasjelageret, og dela ut for til dei mange hestane som var utskrivne til krigsteneste. Desse vart brukt både til trenet og til bergbataljonen som hadde utrustninga si på Tvildemoen. Eg lyt i denne samanheng nemna at ein av mine hjelpesmenn til dette var ein gamal Fanejunker. Han hadde frå før tilnamnet "Lynilden". Eg må beundra denne karen som var nærare 80 år for at han møtte opp for å gjera sin innsats for fedrelandet. Etter tre dagar vart eg flytt til Bulken, der eg vart sett til å stå for matforsyninga til nokre kompani. Det var ikkje så verst med mat i fyrstninga, det skulle verta verre seinare. Me vart då sende austover med jarnbanen. Eg hugsar då me kom til Geilo var stemninga god. Me hørde om den mykje omtala jarnringen kring Oslo. Me trudde fast at no skulle tyskarane verta jagd på sjøen, men det synt seg snart at optimismen hadde vore i største laget, men likevel var humøret brukbart like til me kom til Valdres.

Me reiste med jarnbane til Gol. Derifrå skulle me dra vidare til Valdres. Me var ei stor samling soldatar og hestar, store mengder våpen og ammunisjon, og elles matforråd til hestar og folk. Dette var ein sær farleg tur. Det var eit strålende fint vær, og forflyttinga gjekk føre seg midt på dagen. Det var brøytekantar på opptil fleire meter mange stader. Hadde tyske jagarfly, som me visste var i landet, kome over oss der hadde me hatt små sjangsar å koma velberga fram til Valdres. Eg kan vel sei det slik at her var lukka betre enn forstanden.

Turen gjekk vel, og fram kom me. Vestlandsbriigaden vart innkvartert fleire stader der, eg nemner Fagernes og Leira. Kompania vart feltmessig oppsett så snart råd var. Me i intendanturet fekk vår lagerplass på Valdres Ungdomsskule. Derifrå skulle me forsyna feltkjøkena. Det gjekk bra dei første dagane, og dei som låg i dei fremste linjene gjorde det godt. Det fall mange tyskarar, og sanneleg vart det teke over 100 tyske krigsfangar. Ein kompanisjef kom og bad om ekstraforpleining til desse som hadde gjort denne bragda, og sanneleg skulle dei vore det vel unt, men matvarestoda var vorte monaleg verre. Tyske fly hadde vore og bomba bakeria både på Leira og Fagernes, så no var det ikkje anna enn grautmjøl, goudaost og litt hermetikk, og det heldt på og ebba ut og. Eg vil sei at noko av det vanskelegaste med krigføringa då, var matstoda. Hadde me vore meir førebudde hadde det vore råd å halda lenger ut enn det no vart. Sjølv disponerte eg ein lastebil, med sjåfør frå Hemsedal. Det var mat eg skulle ha med, men grunna vanskar med bilar vart det no også annan last. På ein tur hadde eg ti kassar Brisant bombekastargranater djupast i lastekarmen. Det hadde vel ikkje vore stort att av oss om me hadde fått ein fulltreffar.

Eg var med på mange spanande tokter både til Dokka, Tonsåsen og Bjørge. På ein av desse turane fekk eg min andre og hardaste ilddåp. Eg var på vitjing i staben på Bjørge. Der var samla ein del falne, både norske og tyskarar. Dei skulle identifiserast og gravleggjast. Medan dette arbeidet stod på kom det eit tysk fly. Me måtte søkja dekning i skogen omkring. Flyet sette først ned nokre markeringar rundt staben og eit feltsjukehus, dette var nok målet deira. Dei hadde nok hjelpesmenn sidan dei kom akkurat der. Rett etter kom dei attende. Eg hadde funne meg ein plass under ein furelegg, men sanneleg råka ei bombe på ca 40 kg berre to meter frå meg. Det var ein forunderleg følelse, ja beint fram uforklarleg. Eg skal fortelja nærare om det: Det var nok ei lukke for meg at eg låg så nær bombenedslaget. Jord og stein fauk over meg. Eg fekk ei lita skramme av ein bombesplint som fall ned gjennom fura, elles var eg dekkja av jord og stein. Eg lyt fortelja ei utruleg men sann historie frå dette. Eg var heilt fortunla der eg låg. Sjåføren min fann meg. Det første eg hørde av han var "lever du?". Mitt svar var: "Eg veit ikkje!" Dette kom heilt naturleg. Eg hadde ein del problem med hørselen nokre dagar etter dette. Øyro hadde nok fått den verste påkjenninga.

Som nemnt gjekk krigføringa bra for dei norske styrkane den første tida. Tyskarane hadde ikkje

fått fram det tunge artilleriet sitt, og våre mitraljøser og bombekastarar heldt linjene. Det var fleire frontavsnitt som skulle haldast. Sambandet var ikkje det beste, og ein var ganske utsett for omgåing av dei krigsvante tyske troppene. På ein tur med matforsyningar til frontavsnittet ved Dokka skulle dei til å trekkja seg attende då me kom. Det var smått om bilar og ein kaptein kom då og spurde om han kunne få nytta vår bil. Eg svara at det var sjølvstekt var han som bestemte i dette høvet, og me fekk fullt av soldatar i bilen. Eg sat i førarhuset med sjåføren. Me fekk til oppgåve å svara på kodeord som vart oppropt av feltvaktene som var oppstilt på vegen tilbake. Eg hugsar enno ordet eg skulle svara når vakta ropa "sol" mitt svar var "måne". Dette var gjort for å sikra oss at det ikkje var tyskarar me møtte på tilbakevegen. Me kom no velberga frå det den gongen. Det vart bygd nye stillingar nærare Tonsåsen og forsvaret gjekk vidare. Eg hadde og seinare ei nifs oppleving. Det var ei natt eg skulle ut på leit etter eit feltkjøken me ikkje hadde funne fram til om dagen. Der skulle vera utsett feltvakter, og det leit me på. Dette var ned mot Vang. Me tykte det hadde vore svært lang køyring, men det var svart og mørkt, og lite ljøs kunne me bruka. Plutselig høyrde me nokre smell og såg nokre signallys. Me var komne midt mellom frontlinjene. Feltvakta hadde stukke sin veg! No var gode råd dyre, vegbrauta var smal for å snu den store bilen, men det var ikkje anna råd enn å prøva. Heldigvis kom me oss ut av det. Det viste seg at kompaniet me skulle til var på tilbaketog. Tyskarane var då komne fram med sine langtrekkjande kanoner, og heldt på og skaut seg inn på målet. Dette var ein av dei siste dagane før kapitulasjonen, me hadde lite å stilla opp med mot denne krigsmakta. Det tok elles til å verta mindre god moral mellom både offiserar og menige. Ville rykter om mange ting verserte. Mellom anna kom det ein ordonnans på motorsykkel og melde frå om at krigen var slutt. Dette fekk me melding om var oppspinn. Ordonnansen vart teken hand om og sett fast. Det var noko han hadde funne på sjølv, han hadde ingen rapport å visa til. Det viste seg likevel at det vart meir og meir trøstelaust å halda fram med striden. Tyskarane var heilt overlegne no når dei hadde fått fram alt sitt moderne krigsutstyr. Ja, det gjekk ikkje mange dagar før kapitulasjonen kom. Spørsmålet var då om me skulle tenkja på rymjing og ikkje lata oss ta til fange? Det var ikkje lett. Me var langt heimanfrå og jarnbanen var broten på fleire stader. Eg har seinare fått vita at det var soldatar som var i skipatruljar som gav seg på veg vestover og greidde seg på det viset. Verre var det for oss som ikkje hadde slikt utstyr, og utan trening måtte me finna ei anna løysing. Eg disponerte ein lastebil, og me var 15 mann som gjekk ilag for å ta oss fram til Sogn, der me rekna med fritt leide. Me vart stoppa av nokre offiserar lenger oppe i Vestre Slidre. Dei meinte planen vår var for risikabel, for dei meinte å vera sikre på at det var kome tyskarar der og. Det viste seg seinare at slik var det og. Nokre personbilar som forserte sperringa vart skotne på, eg meiner at nokon vart drepne og. Me hadde ikkje anna å gjera enn å venta på vernemakta, dei lika å kalla seg. Dei kom, og det synt seg då at dei var overlegne i tal og. Det var snakk om 8000 mann, velutstyrte. Me vart transportert attende til Fagernes, der det var oppsett jarnbanevogner for å frakta oss til ukjend stad. I folkemylderet der møtte eg på tre kameratar heimanfrå. Me vart einige om å halda saman, men to av dei måtte på latrina som låg litt til sides frå der me var, og i mellomtida vart det ropt opp at me skulle stilla opp og koma på jarnbanevogna. Me to som var att venta det me torde, men då tyskarane kom med både bajonett og gevær hadde me ikkje anna å gjera enn å lyda ordre. I trngselen kom me med i vogna, me stod tett som sild i tunna. Seinare fekk me vita at dei to kameratane hadde vore heldigare enn oss. Dei kom ikkje med vogna, og vart dimittert dagen etter utan å koma i fangenskap som oss. Dette vart ein heller fæl tur. Banen var broten på fleire stader. Ved brotstadane vart me utkommanderte for å bera ammunisjon og våpen lange stykke gjennom skogen. Trøtte og slitne, som me var frå før, var ikkje dette så greit, men med væpna tyskarar etter oss kunne me ikkje anna enn å lyda ordre. Me hadde tidlegare fått trugande flygesetlar som lydte slik: "Skutt blir

den som ....osv. " dersom me ikkje lystra. Setelen var underteikna av sjølvaste general Flkenhorst, hær sjefen for dei tyske styrkane i Noreg. Me greide oss denne gongen, og ut på dagen kom me fram til Hval stasjon ved Hønefoss.

Der vart me stillt opp på linje for å marsjera inn i den tidlegare leiren til ingeniørvåpenet. Kva som heretter skulle skje med oss, hadde me inga peiling på. Det gjekk mange slags rykter, sume om at me skulle sendast til Tyskland i arbeidsleirar der, andre gjekk ut på at me skulle sendast til arbeidsleirar i Noreg. Det var ikkje råd å vita noko, det var berre å lata skjebnen råda. Me fekk ha feltutstyret vårt med unntak av våpena. Våpen hadde eg no ikkje då eg kom der heller, det hadde eg kvitta meg med oppe i Slidre. Eg var no ikkje så rart utstyrt heller, rustninga var ein nagant pistol, med ammunisjon stempla med årstalet 1912. Ammunisjonen var no iorden, eg prøveskaut den for sikkerheits skuld. Den hadde dum-dum kuler, og var såleis ikkje lovleg sjølv i krig. Våpen og ammunisjon gøymde eg i eit urahol, og er den ikkje funnen av ein Valdresbonde eller vegarbeidar, ligg den vel der enno. Eg kan sikkert ikkje påvisa plassen no, 45 år etterpå.

Ja, med ein halmvisk under oss i sengebingen, var no legjet det beste me hadde hatt på lenge, og så trøytt me var, sovna me straks inn, og vakna ikkje før reveljen gjekk. Me måtte då stilla opp for nærare orientering. Dei som kunne tysk måtte vera tolkar og gje oss melding om kva me vart sette til i leiren. Eg lyt seia til tyskarane sin fordel, at å halda orden var dei flinke til. Me vart registrerte etter yrke, og kva me kunne utføra. Dei fleste ville registrera seg som bønder, fiskarar og gardsarbeidarar. Eg lyt såleis fortelja at då Magne Skodvin kom for å registrera meg, bad eg han føra meg opp som gardsarbeidar. Me rekna jamt med at dei vart dei første som vart sleppte fri. Han sa då at no hadde han så mange fiskarar og bønder, hadde dei ein altankasse i Oslo, rekna dei seg som bønder. Han kjende meg og førde meg opp som butikkespeditor. Det synt seg seinare at eg kom i den aller siste pulja som slapp fri. Fiskarar og gardsfolk slapp ut etter nokre dagar.

Me hadde det ikkje så aller verst den første tida. Raude Kross hadde fått oppretta ei kantine i leiren, der me kunne få handla det aller nødvendigaste, i tillegg til dei rasjonane me fekk av okkupantane. Me var så heldige at det dåverande administrasjonsrådet som styrde landet hadde sendt opp folk til å betala oss litt for krigstenesta vår. Eg fekk omlag kr 200,-, og det rakk langt med vareprisane som då var. Leirkommandanten, ein løytnant Paulus, var etter det eg skjønna ein bra kar som ikkje misbruka makta si over oss. Me vart sett i arbeid med forskjellig. Me var ikkje like begeistra for å pakka gode ullteppe frå magasina og senda dei til herrefolket, men me hadde ikkje anna å gjera. Me køyrde ut frå leiren mange gamle krigskøyrety og pontongbåtar som vart nytta til provisoriske bruer. Køyretya var slikt som hadde vore rustninga i 1905, og då moderne for si tid. Tyskarane sende no og dette avgarde. Kva det skulle nyttast til funderte me litt over. Me kom til at der var mykje godt metall, så det vart vel omsmelta til nye våpen, men kva veit me?

Når det leid litt vart det ikkje det beste i matvegen. Poteter fanst ikkje, me fekk noko dei kalla linser og bønner, og noko bederva kjøt. Hadde me ikkje fått dei førnemnde pengane, og Raude Kross si kantine, hadde det vorte smalhans. Elles kom det folk opp til leiren, og dei hadde ein og annan godbiten med til oss. Eg kan såleis nemna at ein bygartnar i Drammen kom dit. Han fekk ropt opp om der var nokon frå hans tidlegare heimstadkommune. Eg og kammeraten var så heldige, han hadde med seg 6 sett makkounderty og ein del matvarer, og det kom vel med. Me vart då så rike at me delte med fangekammeratane av desse tinga. Ei anna oppleving derifrå må eg og fortelja om. Ei sjukesyster som opprinneleg var frå Sunnmøre kom og på besøk til leiren. Ho fekk ropt ut om det var vestlendingar i leiren. Ho vart nok forstøkt då det kom fleire tusen mann fram til gjerdet. For å retta på dette vart me beordra attende, og no vart det ropa opp om det var nokon frå møre. Det gjekk likare, for då kom det etter det eg hugsar fram 5 - 6 mann. Då

var ho betre istand til å traktera dei med det ho hadde med.

Eg vart verande i fangeleiren i 6 veker før eg sleppte fri. Dei som hadde reist tidlegare måtte skriva under på at dei heretter ikkje skulle bera våpen mot tyskarane. Av ein eller annan grunn slapp me som sat til siste dagen dette. Ikkje at det betydde noko, om eg hadde skriva under på det, det var nok mange som braut lovnaden, og med godt samvit.

Eg kom meg heim i midten av juni 1940. Dette var ein gledens dag, og sysken og foreldre visste ikkje kva godt dei skulle gjera for meg. Eg tok meg ei velfortent kvild, det var tyskararbeid å få, men det hadde eg ikkje lyst på, det måtte no vera eit eller anna å taka seg til. Likevel vil eg seia at for nokon var dette det einaste, men det var og folk som utan å trengja det tok slikt arbeid, og som idag truleg angrar på at dei gjorde det.

Eg har fortalt at eg i fleire år hadde vore med på fruktsal frå båt. Eg hadde fått ordna meg nokre fat solarolje som drivstoff, og la no ilag med to eldre gubbar som eigde båt. Dei ville ta ein tur til Stavanger og Sandnes, og slik vart det.

Eg lånte ein sykkel, som eg fekk over fjorden. Derifrå sykla eg heilt til Ulvik. Eg hadde der tidlegare vore i handel med nokre fruktbonder, og fekk avtalt kjøp av frukta deira, og kunne reisa heimatt med lovnad om det meste av lasta. Straks etter var me på tur og fekk på det næraste full last.

Me kom til Stavanger utan vanskar av noko slag, men å få kaiplass der vart verre. Me tok då likegodt på tur til Sandnes med det same. Der byrja me sal av epler og pærer i småsal frå båten. Dette gjekk svært bra, og me gjorde god fortjeneste, men det ville nok ta lang tid å verta fri alt. Då melde det seg ein annan sjangse. Det kom ein grossist frå Stavanger som var interessert i å kjøpa heile lasta. Eg vart sett til å forhandla med han. Han bad meg koma med tilbod, og eg rekna då med at det kunne verta pruting, så eg tok godt i for å ha prutningsmann, men grossisten slo til med det same, så det vart nærast ei kjempegod forretning. Me gjekk med ein gong til Stavanger og leverte det heile, og både seljar og kjøpar var vel nøgde, noko ein ikkje alltid er i forretningar.

Tankane på kva eg skulle nytta pengane tok til med ein gong. Eg hadde lenge tenkt å ta handelsskule, og kva høvde betre no under okkupasjonen enn å gå på skule. Eg var ikkje før heime, før eg gjekk igang med å skriva til Haugesund Handelsskule med søknad om å få byrja der så snart råd. Eg fekk straks melding om at eg var oppteken som elev frå fyrstninga av januar 1941, og glad var eg.

Det var enno litt att av året 1940. Difor heldt eg fram med same skuta i fraktesfart. Det var før krigen lagt opp beredskapslager av korn rundt i kommunen. Dette skulle no sendast til Stormøllen i Bergen. Kornet var lagra i sekker, men me skulle ha det laust i rommet så sekkene vart tømt. Det var tal over kor mange sekker som var lagra, men det vart nok stukke til sides noko under lastinga, det var no godt å ha noko i bakhand om tidene skulle verta verre. Eg var med og førde eit par slike laster til Bergen. Elles var me eit par turar til Sandnes og henta teglstein til eit fruktlager som var under bygging inne i Sørfjorden. Eg heldt fram med dette arbeidet til like innunder jul, og det var då ikkje lenge til eg kunne ta til på handelsskulen.

Like over jul reiste eg med gamle d/s Ålvik til Haugesund. Det var mykje folk med hugsar eg, og reisa var nok ikkje så behageleg som me er van med idag, men turen gjekk greit. Skulen hadde ordna innkvartering for oss. Eg og ein kammerat fekk fin hybel på Sjømannsheimen. Det var for det meste elevar ved styrmanns og skipperskulen som budde der, men me var 5 handelsskuleelevar. Kameratane var greie, og det var fag me kunne samarbeida med både sjømanns- og handelsskuleelevar, så det høvde svært bra. Styrar og husvert Magnussen ved heimen var ein kjernekar, og gjorde alt for at me skulle trivast. Sjølv i matvegen hadde me det storarta. Det gjekk mest i fisk og sild, men denne vara var førsteklasses og godt tilstelt. Skulen tok til med det same, og det gjekk bra. Eg var eldste elev med mine 26 år, og eg trur no at

alderen var ein fordel for å ha den rette forståinga av dei ymse faga.

Skulen var landskjend for at den dreiv sine elevar hardt. Somme tykte den var i hardaste laget. Skulen var rein forretning, og skulle dei kunna visa til dei beste resultata og få stor søknad var dette rette måten å gjera det på, meinte styraren. Her var flinke lærarar, og godt kameratskap var her og, så eg tykte ikkje på nokon måte det var eit ork å gå der. Eg hadde aldri vore noko skuleljøs, men denne gongen vart resultatet ved eksamen i mai 1941 det aller beste.

No var det slett ikkje klart at det stod ein jobb og venta på meg no heller, det var inga sak om du var på "rette" sida til den makta som då rådde, men det passa meg ikkje. Eg reiste no heim med ei utdanning som kunne kom vel med seinare.

Heime var det godt om arbeid. det var sett igang arbeid med ein skogsveg, der det skulle takast ut tømmer og brennved. Dette var store forbruksvarer under krigen, det var lite av andre energikjelder. Olje, koks og kol måtte det sparast på, såleis vart dei mange stimbåtane fyrde med ved. Eg tok meg først arbeid på denne skogsvegen. Det var greit og me fekk lønningspose kvar veke. Løna var ikkje så stor, men det var no nok til å leva på. Elles var det helst lite varer å bruka pengane på den tida. Då vegen var ferdig vart det skogsarbeid. Dette var ein slitsam, men sunn arbeidsplass og me fekk til dels ekstrarasjonar av både tobakk og mat. Denne veddrifta var no ikkje så godt opplagt, dei som var styrande var langt frå vante skogsfolk. Den eine av dei hadde vel litt kunnskap om denslags, men han var no nærast lasaron, drikkfeldig og tok inn alt som kunne rusa. Han vart no fort jagd frå stillinga. Den andre var ein tidlegare kontormann som hadde prøvd seg som silderøykjar utan dei beste resultat. Han hadde no likevel ei høg stjerne hjå ein gamal senil konsul frå Bergen. Han var finanskjelda, og den var visst svært djup.

Kontormannen hadde alltid dette ordtaket: "Penger har vi nok av!". Det kom lite frå skogen, men det vart kjøpt inn traktorar og beltebilar som skulle stå for transporten. Dette gjekk ikkje så bra, det var no helst noko gamalt skrap som sjeldan var råd å få igang. Elles eigna dei seg dårleg i det terrenget me har her på vestlandet. Her var vante folk med som hadde vore med på veddrift under første verdskrig. Dei meinte det måtte koma vannslok som kunne fløyta veden fram til ein god køyreveg, men kontormannen frå Bergen høyrde ikkje på dette, men tura fram med allslags anna tøys. Han hadde tilmed heim ein spåmann frå Marken i Bergen. Han skulle sjå i framtida korleis det skulle gå. Det var den reine tussaskapen.

Det vart så til at HSD skulle taka over styret sjølve. Dei skulle etter kontrakta overta det meste av veden. No kom det slok, og det vart fart i sakene. Det vart drive fram fleire tusen mål med god bjørkeved.

Kontormannen heldt fram andre stader, og ordtaket var det same: "Penger har vi nok av!"

Eg heldt fram i dette arbeidet like til april 1944. Då melde det seg ein jobb som passa meg bra. Det var som styrar av ein landhandel og ekspedisjon på Halsnøy. Det hadde seg slik at han som dreiv det og var notbas og dreiv brislingfiske. Denne sesongen måtte han ha ein mann til å styra handelen for seg. Eg tok straks til, og lika meg godt i stillinga sjølv om den berre var mellombels. Kanskje kunne det ordna seg med noko anna ut på hausten. Eg kom i godt slag med folka på øya, me var heldigvis fri for tyskarar der og såleis fri denne plaga. Noko særhende derifrå hugsar eg lite til, det einaste måtte vera ein brislingfiskar som hadde vore på slipp med skuta si. På heimveg frå Stord var det eit stort tysk fly som var svært nærgående. Til slutt kom det så nær at det kutta masta hans. Det kunne ha gått gale med både brislingfiskaren og flygaren. Dei som hadde vore utsett for dette trudde flygaren måtte ha vorte sinnsjuk med dette ferdalaget. I oktober 1944 var eg ferdig med tenesta mi der, men nett på den tida fekk eg oppringing frå Sogn om eg kunne ta ei stilling som handelsbetjent der. Eg hadde tidlegare søkt på denne stillinga, men det kom heilt uventa på meg. Dette var ei større forretning som elles omfatta bokhandel og dampskipsekspedisjon. Eg slo sjølv sagt til med ein gong. Det var så vidt tid til å reisa heim, før eg la iverig til Sogn.

Eg reiste då til det krigsherja Bergen, og vidare med d/s Firda til min nye arbeidsplass. Då eg kom fram vart eg innlosjert på norges då største trehotell. Det var stengt på denne tida, og eg var åleine med omlag 200 gjestesenger. Rommet var flott, men eg kan ikkje seia meg fri for at det var litt nifst å vera åleine i det store komplekset. Det eg var mest redd, var når eg skulle varma opp. Det var ein gamal etasjeomn på rommet, og i mørkret lyste det no litt ut her og der. Eg var såleis redd eg skulle koma til å brenna ned det heile. Det gjekk no vel. Seinare fekk eg flytta til bakeriloftet, og der lika eg meg betre.

Eg kom godt i slag med sogningane. Dei var trivelege folk, og arbeidet gjekk greit. Me var 4 tilsette i forretninga, dessutan 2 faste kaifolk og eigen bakar. Det var såleis ei heller stor forretning etter landsens forhold.

Det var no som betjent eg hadde teke jobben, men etter kort tid måtte eg overtaka styringa av det heile. Dette hadde seg slik at han som var styrar i all hast måtte reisa og ta seg av ei forretning han hadde saman med ein bror i Sunnfjord. Broren hadde måtta røma på skogen då Gestapo var etter han. Diverre vart han sjuk av strabasane og døydde. Eg fekk då spurnad frå arbeidsgjevaren om eg kunne tre inn i staden for han, det var uråd for han å koma attende. Eg var litt i stuss om kva eg skulle gjera, men då dei andre tilsette rådde meg til det tok eg jobben. Me var no komne til siste krigsåret og lagera var tømde for det meste. Å få fatt på varer var det reine mareritt. Her kunne koma 10 - 15 kg margarin dann og vann, og dette skulle delast på opptil fleire hundre kundar. Det var likevel ikkje å undrast på at somme skumla om at me tok det meste sjølve. Desse spekulasjonane kan eg avliva med det same, for siste halvåret av krigen, hadde me som var i kosten der ikkje smør på bordet. Kokka vår fekk noko ikkje alt for smakfullt fleisk som vart male opp og tilsett jevning, dette var erstatning for smøret. Ikkje alle tolte dette like godt. For eigen del gjekk det bra, men ein annan dreng me hadde var det ille med. Han miste mest synet på grunn av feittmangel. Heldigvis fekk han resept på ei flaske tran, og det hjelpte han. Ja dette var no eit lite sidesprang for å forsvara seg sjølv og manglande varetilgang. Eg kom seinare til at det heller ikkje var noko ufarleg stilling eg hadde teke på meg. Som dampskipsekspeditor følgde det med andre gjeremål. Kurerpost til heimefronten der vart send saman med fraktepapira. Me skulle alle vita minst mogeleg om dette, men eg måtte no orienterast om dette. Det gjekk vel, men eg må seia eg vart ein del nervøs då ein kollega av meg lenger inne i fjorden vart torturert til døde av Gestapo. Han var hard, så dei fekk ingen opplysningar om kva han visste.

Me hadde radio og god tilgang på rette nyhende. Her var og ein radiokyndig som tok på seg reparasjonsarbeid for så å seia heile fjorden. Dette var sjølv sagt illegalt arbeid av høg klasse. Det som skulle reparerast vart send til ekspeditøren. Dette var farleg, og eg lyt fortelja ei soge i samband med dette: Det var nokre gymnaselevar som for og kjekka seg. Dei hadde sendt brev til vernemakta, der dei hadde lagt ved ein 5-øring. Ein slik spøk vart ikkje tolerert frå den kanten, og Gestapo kom for å henta dei. Eg var merksam på dette, og hadde fleire radioar ståande i ekspedisjonsbua. Dette var ein usikker plass om det skulle verta ransaking, så eg fann det rettast å få radioane ut derifrå. Medan eg heldt på med dette, kom Gestapo med arrestantane. Dei måtte stansa for meg, slik at eg kunne køyra vekk radioane og ein del tomgoods som stod på kaien. Eg er glad det ikkje kom spørsmål om kva som var i kassane. Eg vart no litt nåmen ei tid etter, reaksjonen kom heldigvis ikkje før seinare.

Me var no komne fram til år 1945. Varemangelen var større enn nokongong tidlegare. Det var ofte me ikkje hadde dei varene som kunne fåast på rasjoneringskort. Det meste var surrogatvarer, og sanneleg var det lite av desse og. Ein ting var me heldige med. Det var godt storsildfiske, og med sild og poteter greide me oss i det lengste. Det vart livberginga for mange den tida.

Me var så heldige at me hadde denne bokhandelen attåt, dei mange skuleelevane trong til

lærebøker og anna skulemateriale. Me vart og pådytta ein heil del tysk propaganda, men den vart no gøymd med det same me fekk den, det var returrett ved seinare høve.

Det vart og etterkvart vanskelegare for fylkesbåtane å halda oppe skikkeleg ruteferdsla. Det minka på båtar, mellom anna gjekk d/s Kommandøren på grunn, men kom seg no til Bergen for reparasjon. Den låg oppankra der, men meiner du ikkje at nokre tyske tullingar sette ein torpedo i den inne på Bergens havn, der den sakk. Den vart liggjande der til etter krigen var slutt.

Oppslag om seinka båtruter var noko me var van med frå før, men no vart det uråd å seia når dei kom. Båtane kunne vera fleire døger for seine. Eg lyt fortelja ei hending i samband med desse båtrutene. Det var kome ein heil flotilje tyske marinebåtaro og lagt seg til kaia vår. Bemanninga var langt over 1000 mann, det var det reine flåtebesøket, men svært uynskt hugsar eg. Dei for elles stillt fram, det viste seg dei var krigstrøyte. Den dagen dei var der var Hitlers årsmålsdag. Dei skulle ha ei markering i det høve, og det skulle gå føre seg like utanfor der eg budde, men dette var og så tamt at eg mest ikkje hørde oppropet. Det var noko som likna "Eitt folk og ein førar", men som sagt det uroa ikkje meg. Eg venta nett då gamle d/s Sogn til kai, og måtte gå til øverstkommanderande og be han om å flytta. Eg må sei eg følte meg ikkje radt lite kry når alle desse, eg trur dei vart kalla u-båtjagarar, stemna frå kai på min ordre.

Ja, tida gjekk. Me skjønna noo alle at det ikkje kunne verta lenge før det kom ei forandring.

Korleis ville det koma til å verta? Deilange knivars natt, eller ein meir fredeleg overgang? Det siste var no mitt ynskje, og heldigvis vart det slik.

Me talde dagar og følgde godt med. Den 7. mai 1945 vart fredsdagen vår der i bygda. Eg hugsar eg ringde heim, der eg trefte syster mi. Då kunne eg fortelja at eg stod og såg på ei flaggborg som gjekk etter vegen og song våre vakre nasjonalsongar i det fine vårværet.

Dette er mine minner frå okkupasjonstida, eg har enno 40 år att av mi levetid, og med tid og stunder kan eg kanskje skriva litt om det og.